

Høyslass – Bruskor



Høyslass og Bruskor er markerte kollar sør for Forberg med bratte lier, tronge dalar, stup med berghyller og vide utsyn. Det er kort veg frå Bø sentrum til tre parkeringsplassar: Forberg, Nordbøåsen og Tråvbanen. Herifrå kan du følgje merka stiar til tre turmål: Bruskor, Trælsborg (bygdeborg) og Høyslass.

Mange startar turen på traktorvegen frå Tråvbanen med relativt bratt og lang stigning opp lia. Deretter på god i lysopen furuslog i fint, slakt terreng nord-vestover langs ryggen til Høyslassfjellet mot Høyslassnuten, 2.4 km frå parkering. Her oppe er det flott utsikt nordover mot Lifjell. Om vinteren blir det ofte tråkka sti heilt opp. På kartet er stien markert som Hovudsti og i alle stikryss står det kart. Tilbaketuren kan gå ned den bratte lia forbi Høyslass-plassen.

Parkering ved Tråvbanen: Frå Bø sentrum er det ca 2 km til Veirudkrysset langs riksveg 359 mot Lunde; følg vegskilt til Tråvbanen.



Høyslass mot Forberg, Liheia og Lifjell lengst bak. Foto: Arne W Hjeltnes.

Frå parkeringsplassen Forberg er det etter kvart ein bratt og «luftig» oppstiging til Bruskor på flate berg og i glissen furuskog. Frå Bruskor er det vide utsyn mot nord, aust og sør mot Forberg, Lifjell og Bø. 1.7 km frå parkering. På kartet er stien markert som Hovudsti og i alle stikryss står det kart.



Utsyn frå stien bratt opp frå parkering ved Forberg. Forbergåsen ser du midt i bildet.. Foto Arne W Hjeltnes.

Frå parkeringsplassen Forberg har vi merka på kartet ein hovudstil til bygdeborga Trælsborg. Lett tur på 1 km.

Parkering Forberg ved Skogheim: Ca 4 km langs riksveg 36 frå Bø sentrum mot Seljord. Sving til venstre like etter gamle Forberg skule.

Kultur

Husa til fleire husmannsplassar er borte, men framleis kan ein sjå tufter og steingjerde. På plassen Høyslass sto husa til ca 1930. På toppen av Høyslassnuten ligg den småkongegrava som blei grave ut for ca 150 år sidan. Røysa stammer frå Bronsjealderen (1500 til 500 f.Kr). Bygdeborga Trælsborg har vore ei forsvarsborg i eldre folkevandringstid. Arkeologane har tidfesta denne tidsbolken til ca 4 500 eKr. Her søkte bygdefolk tilflukt i urolige tider. I dag finn vi restar av tørrmurar laga av store steinar.



Oldtidsborga Trælsborg. Foto: Arne W Hjeltnes.

Natur

Kollane i turområdet er, som i store delar av Telemark, danna av harde lyse bergartar som gir eit brattlendt og småkupert landskap med relativt artsfattig vegetasjon og fugle-/dyreliv. Men i mange av dei bratte lisidene er gneisgranitten gjennomsett av mørke bergarter, amfibolittar. Den forvitrar lett og gir mineralnæring til kravfulle planter som blåveis, tysbast, myske, sanikkel og myskegras. I solvarme lier finn vi fragment av edellauvskog med alm, lind, lønn og hassel. Store “blomsterbed” med liljekonvall duftar i liene om våren.

Turområdet Høyslass/Bruskor er eit godt leveområde for elg, rådyr, storfugl og jerpe. Jerpe er ein triveleg skogsfugl på storleik med ei due. Den er ikkje særleg sky og flyg med surrande venger ein kort stubb bort når du går forbi. I dette området finn ein streifdyr av gaupe, bjørn og hjort.